



Vill Plan AS

Arkivsakid-doknr: 18/673-14
Journalpostid: 20/5628

Saksh: Katrine Helle Midtbø
Telefon: 53 67 36 59

Arkivkode Dato:
GBNR- 06.08.2020
17/207, K2-
L12

Tilbakemelding vedrørende planinitiativ ved Maurset Fjellpark

Me viser til motteke planinitiativ for mindre planendring ved Maurset Fjellparken, datert 06.07.2020.

Kommunen er av den oppfatning at planinitiativet er utforma slik at det ikkje går utover hovudråmene i planen, og det framstår som at bygningsmassen er tilpassa slik at den ikkje rører ved viktige natur- og friluftsområder. Fylgjene av planendringa vil slik me no vurderer det, ikkje påverka gjennomføringa av planen for øvrig. På dette tidspunktet ser kommunen for seg at saka kan behandlast etter forenkla reglar, jf. pbl. § 12-14 andre ledd.

Omfanget av utbygginga som planendringa legg opp til er likevel kompakt, og avgrensar seg til eit relativt lite areal. Kommunen ynskjer at det vert varsla og kunngjort på same måte som ved oppstart av planarbeid etter ordinære reglar. Dette medfører at forslagsstillar må utforma eit varslingsbrev og senda varsel om oppstart til relevante offentlege høyringsinstansar, naboar og gjenbuarar. Vedlagt ligg relevante malar som kan brukast i dette arbeidet.

Kommunen vil minna om at sakshandsamingsreglane kan verta endra på eit seinare tidspunkt, avhengig av kva innspel som kjem inn ved varsel om oppstart.

Før de varslar oppstart

Kommunen ynskjer at planområdet vert utvida mot nord, slik at den planlagte skiløypetraseen vert sikra i planen. Formålet er å hindra at det på eit seinare tidspunkt kan gjerast tiltak i området som hindrar etablering av skiløypa. Arealet mellom skiløypetrasè og området med dei planlagte leilegheitane, bør regulerast til friluftsområde eller tilsvarande.

Dersom det er tenkt fleire avkøyringar frå regulert veg, må desse og takast med. Dette gjeld særleg i tilknytning til planlagt parkeringskjellar, og allereie etablert veg i vest (mot nyleg opparbeida parkeringsplass).



SOSI-fila viser at det vert liggjande igjen små «restareal» i eksisterande reguleringsplan. Kommunen ynskjer at de «snappar» til eksisterande plan, slik at ny- og eksisterande plan passar saman.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Katrine Helle Midtbø
Rådgevar Drift og forvaltning

Kopi til:
Prospecta AS

Kopi til arkiv og kopibok

Vedlegg:	Tittel
Dok.nr	
155249	Vedlegg 1 - Mal for kunngjering-varsel om oppstart
155250	Vedlegg 2 - Høyringsinstansar i planarbeid